

NOTAT

Vedlegg nr. 8

Til: Styringsgruppa
Frå: Sekretariatet
Kopi:

Saksbehandlar /telefon:
Anders Kjetland/ 95706862
Vår dato: 22.09.2025

Sak 56/25 Dette skjer i Miljøløftet

Bakgrunn

Med denne saka ønskjer sekretariatet å orientere styringsgruppa kort om nokre gjennomførte aktivitetar i Miljøløftet.

Opningar i Miljøløftet

Bjørnafjorden kommune: Åsen–Helleskaret blei opna 29. august

Den nye vegen har fått separat gang- og sykkelveg, finansiert gjennom Miljøløftet. Den gjer det både enklare og tryggare å gå og sykle langs dette nye sambandet mellom Lysefjorden og Lyseparken/E 39.

Les meir [her](#).

Alver kommune: Ny gang- og sykkelveg langs Sagstadvegen blei opna 26. august

Gang- og sykkelvegen gjer det tryggare å gå og sykle frå Frekhaug og opp til Sagstad skule og idrettsanlegget Meland Aktiv.

Les meir [her](#).

Askøy kommune: Myrane-prosjektet blei opna 24. juni

Gjennom denne infrastruktur-utbygginga blir større deler av Myrane bilfritt, og området lagt betre til rette for syklende, gåande og kollektivreisande. Størstedelen av prosjektet er finansiert gjennom Miljøløftet.

Les meir [her](#).

Bergen kommune – Sykkelprioritert gate i Klaus Hansens vei opna i juni

Klaus Hanssens vei har som første gate i Bergen blitt sykkelprioritert gate. Gata har blitt merka med raud asfalt og symbol i vegbana der det står "Bilen er gjest». Dette blei markert med utdeling av smoothie 25. juni.

Les meir om prosjektet [her](#).

Øygarden kommune: Opning av miljøgata på Straume

Onsdag 17. september opna miljøgata Grønamyrvegen på Straume i Øygarden, som ein del av Mobilitetsveka 2025. Vegen er blitt oppgradert, med ny gatestruktur, og med betre forhold for gåande og syklande.

Les meir om opninga [her](#).

Mobilitetsveka

Mobilitetsveka er ei årleg feiring av miljøvennlege reiseformer og blir markert i heile Europa. Årets tema var mobilitet for alle. Det handlar om å sikre at alle menneske har tilgang til berekraftig transport, uavhengig av inntekt, bustad, kjønn eller funksjonsevne.

Gjennom veka, frå 16. til 22. september, var det aktivitetar og arrangement i alle Miljøløftet-kommunane: Bergen, Alver, Askøy, Bjørnafjorden og Øygarden. Frukostmøte, sykkelshow, sykkelsservice og bilfri dag var noko av det som sto på programmet. [Meir informasjon om programmet ligg her](#).

Forslag til vedtak:

Styringsgruppa tek saka til orientering.